

# Helgedagen

KYRKJELYDSBLAD FOR TIME

Nr. 5 - NOVEMBER 2009 41. årgang



Foto: Liv Ragnhild Lassen

*T*aus tale gjennom 155 år side 14



**Heime igjen**  
side 6



**Her er det gutane som rår!**  
side 8



**Vårt første møte med Israel**  
side 11



**NMS's Gjenbruksbutikk opna på Bryne**  
side 15

## Bryne - Time - Undheim sokn

### Kyrkjekontoret

tlf. 51 77 03 77

Kontortider: Måndag-Fredag: 09:00-14:00

heirneside: <http://www.time-kyrkja.no>

e-post adresse: [kyrkjekontoret@time-kyrkja.no](mailto:kyrkjekontoret@time-kyrkja.no)

telefaks 51 77 03 60

Kyrkjekontoret, Parkvegen 2

Prost Kjell Børge Tjemsland tlf. 41 63 80 48

Sokneprest Stein Ødegård tlf. 91 15 71 05

Prostiprest Gunnar Frøyland tlf. 95 87 38 47

Kateket: Ingfrid Time Nærland tlf. 51 48 40 69

Diakon:

Sekretær Bryne sokneråd:

Elisabeth Obrestad tlf. 51 43 78 16

Sekretær Time sokneråd:

Elisabeth Obrestad tlf. 51 43 78 16

Sekretær Undheim sokneråd:

Herdís Lindal tlf. 48 02 73 04

Sekretær- Kari W. Ødegaard tlf. 51 77 03 77

Sekretær: Siri Vik tlf. 51 77 03 76

Kyrkjeværje: Olav Vegard Søyland tlf. 90 19 38 25

Konsulent Tor Aase tlf. 51 48 34 82

Time kyrkje og kyrkjegard tlf. 51 48 32 84

Bryne kyrkje tlf. 51 48 28 08

Prosjektleiar trusoppplæring:

Jorunn M. Ueland tlf. 51 48 85 10

### Time

tlf. 51 48 32 84

Organist: Oddny Underhaug tlf. 51 48 25 31

Kyrkjetenar: Marit Undheim tlf. 51 48 43 09

Soknerådsleiar: Amund Undheim tlf. 51 48 43 09

Klokkar: Sofie Braut tlf. 98 65 51 28

### Bryne

tlf. 51 48 28 08

Kyrkjelydsprest: Leif Oscar Reiestad tlf. 41 27 28 62

Kyrkjetenar: Alf Einar Weseth tlf. 99 61 91 21

Organist, Per Olav Egeland tlf. 51 48 66 68

Klokkar Leif Andenes

Soknerådsleiar: Ruth Stabel Berg tlf. 93 83 16 23

Barne- og ungdomsarbeidar:

Jorunn Pettesen tlf. 51 77 03 68

### Lye forsamlingshus

Heimeside <http://www.lyeforsamlingshus.no>

Ungdomsprest: Ole Tørring tlf. 95 17 89 71

Leiar forsamlingsstyret:

Liv Heidrun Skaar Heskestad tlf. 51 48 86 70

### Undheim

tlf. 51 48 68 20

Prest: Per Børge Hillestad tlf. 93 44 29 19

Kyrkjetenar: Hans Undheim tlf. 51 48 45 55

Soknerådsleiar: Steinar Sandvik tlf. 51 48 42 22

Ungdomsarbeidar: Anders Undheim tlf. 90 18 59 69

Besøk vår nettside:

[www.time-kyrkja.no](http://www.time-kyrkja.no)

e-post:

[helgedagen@time-kyrkja.no](mailto:helgedagen@time-kyrkja.no)

# Til ettertanke



## Nådens brufeste

Time kyrkje er 150 år. Me kjem til kyrkja i glede. Me kjem til kyrkja i sorg.

Menneska som har gått og dei som framleis går ut og inn i kyrkja, er like andre menneske av si tid. Dei er prega av tida dei lever i. Tankane deira er forma av det som er vedtatt sanning i deira tid. Gjerningane deira fylgjer trendane. Merkedagane i livet, høgtidsdagane i året og krisene finn rom i kyrkjes huset. Og her, midt i det allminnelege, er Gud. Den Heilage, den himmelske, foreinar seg med det og oss jordiske. Som Jesus heilt og fullt tok del i gleda då han var gjest i bryllaup, tar han heilt og fullt del i vår glede. Som Jesus gret med Marta og Maria, gret han med oss. Jesus er her i kyrkjes huset.

Programerklæringar er flotte greier. Barack Obama har fått fredsprisen. Han fekk den fordi han har gitt verda håp gjennom sine uttalte målsettingar. Og me bed at ord må bli gjerning. I dag har eg og lese i avisa at nokre av våre heimlege politikarar har lagt programerklæringar frå valkampen på vent. Løfte som gav håp og tilslutting, kan ikkje oppfyllast, i alle fall ikkje no.

Jesus gav oss ord som liknar på programerklæringar. "Menneskesonen er komen for sjølv å tena og gje livet sitt til løysepeng for mange." (Matt.20,28) "Eg er ikkje komen for å kalla rettferdige, men syndarar." (Mark.2,17) "For menneskesonen er komen for å leita etter dei

bortkomne og berga dei." (Luk.19,10)

Det er mange meiningar om kva kyrkjes huset skal romma. Her skal det vera rom for ulike kulturytringar. Her skal vera rom for stille og for glede. Her skal vera rom for "alt som er sant, og alt som er ære verdt, alt som er rett, og alt som er reint, alt som er verdt å elska, og alt som er verdt å akta." (Fil.4,8) Men framfor alt anna skal kyrkjes huset vera brufeste for Jesu nåde.

Allminnelege menneske går ut og inn i kyrkjes huset. Dei har alminnelege liv som alle andre. Dei lyg og fer med halvsanningar. Dei krenkar og sårar, og dei blir krenka og såra. Dei brukar meir på seg sjølv enn på andre. Dei slit med relasjonar. Jesus har eit bortgøymt rom i livet deira.

Allminnelege menneske treng ikkje og vil ikkje høyra: "Det er greitt. Du gjer jo så godt du kan. Det får vera godt nok." Allminnelege menneske veit det ikkje er godt nok, veit om sine svik og kjenner sine nederlag. Dei treng høyra: "Så elska Gud deg, at han gav Son sin, den einborne, så kvar den som trur på han ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv." (Joh.3,16). Det sentrale motiv i Time kyrkje er Jesus på krossen. Der gav han livet til soning for alle våre synder. Måtte Time kyrkje framleis vera eit brufeste så nåden kan nå fram til oss.

*Gunnar Frøyland*

## Helgedagen

Utgitt av Time kyrkjelege fellesråd.

Redaksjon: Else- Marie Bue, Liv Helene Øyre Håland, Oddny Underhaug Gunnar Frøyland og Gabriel Tengsareid.

Layout og trykk: Jærprint. Frivillig kontingent til Time kyrkjelege fellesråd, kontonummer 3212 20 24589. Merk innbetalinga med Helgedagen. Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret eller med e-post til [gabriel.tengsareid@lyse.net](mailto:gabriel.tengsareid@lyse.net) og må vera oss i hende innan 16.november. Neste nr. kjem ut ca. 6.desember. Ver vennleg å halda fristen for innlevering av stoff.

# Ein Salme



**Då eg vart spur**d om å skriva ein jubileumssalme til Time kyrkje, visste eg med det same at dette hadde eg lyst til. Eg var i eit møte med jubileumskomiteén, som gav meg veldig stor grad av fridom. Dei ville gjerne ha ei salme som var skriven spesielt til kyrkja vår, men som og kunne brukast av andre. Til inspirasjon fekk eg sjå eit vakkert eldre maleri som viste den fine naturen på den gamle kyrkjevegen.

For meg er det viktig når eg skriv salmar at dei har ein klangbotn i mitt eige liv og i mine eigne erfaringar. Eg trur det er slik eg når fram til andre, og slik andre kan oppleva at deira tankar og opplevingar, deira lengt, takk og gudstru kan spegla seg i mine ord. I tillegg hadde eg eit ynske om å spegla noko av naturen, lynnet og trustradisjonane her på Jæren.

Det er alltid spennande å gå i gang med eit heilt nytt skriveprosjekt, for til å begynna med anar eg jo ikkje heilt kor eg skal hen, og kva som vil veksa fram etter kvart.

Eg valde å bruka syklusen i eit år som ramme. På same måte som naturen skiftar med årstidene, går og eit menneskeliv gjennom ulike fasar. Eg ønskjer å formidla at kyrkja er eit fast punkt i eit menneskeliv, ein plass der me får koma med liva våre akkurat som dei er og bli varmt mottekne av Gud. Han kjenner oss og liva våre betre enn me gjer sjølve, og han veit alt om det å vera menneske.

Så gjenstår det å sjå om denne salmen etter kvart får venger og eit eige liv. Eg har opplevd at eit par av salmane mine verkeleg har begynt å leva sitt eige liv etter at eg har skriva dei. Dei gongene det skjer, er eg takknemleg for å ha vore den som har sett ord på noko andre kan bruka i bøn og tilbeding.

## Jubileumssalme

Tekst: Heidi Strand Harboe • Melodi: Johanne Ur Sæbø

*Til ditt heilage hus tek eg med mine dagar,  
for alt det eg lever er ditt.*

*Eg vil vera hos deg, vera heil vera ekte,  
hit kjem eg med livet mitt.*

*Eg kjem til deg med glede, ein sommar ber eg inn  
med blåklokker, kløver og solvind, eg kjem hit med lette trinn.  
I havet sin puls i mot stranda der bur mine hjarteslag.  
Livet er enkelt å bera med seg ein sommardag.*

*Til ditt heilage hus tek eg med mine dagar,  
for alt det eg lever er ditt.*

*Eg vil vera hos deg, vera heil vera ekte,  
hit kjem eg med livet mitt.*

*Eg kjem til deg med uro, med haust og iskald vind.  
Med stormar, med gråt og med sinne, så kjem eg med tvilen min.  
Finst mogning og vekst i mi uro? Eg veit ikkje kor eg skal.  
Herre, kom ver du min styrke, vinden er sterk og kald*

*Til ditt heilage hus tek eg med mine dagar,  
for alt det eg lever er ditt.*

*Eg vil vera hos deg, vera heil vera ekte,  
hit kjem eg med livet mitt.*

*Eg kjem med frost og kulde, ein vinter frys i meg.  
Eg kjem hit på iskalde føter, eg leiter meg fram til deg.  
Her kjem eg med skjelvande tankar, når livet er kaldt som snø.  
Herre du står der og ventar, rekkjer meg vin og brød.*

*Til ditt heilage hus tek eg med mine dagar,  
for alt det eg lever er ditt*

*Eg vil vera hos deg, vera heil vera ekte,  
hit kjem eg med livet mitt.*

*Så står eg her med våren, og alt er liv og song.  
Eg kjem hit med alt dette nye, eg står her som første gong.  
Eg kjem hit med håp og med glede, eg kjem hit med alt eg vil.  
Du gjev meg styrke og kvile, her som eg høyrer til.*

*Til ditt heilage hus tek eg med mine dagar,  
for alt det eg lever er ditt.*

*Eg vil vera hos deg, vera heil vera ekte,  
hit kjem eg med livet mitt.*

*Du tek i mot meg Jesus, her ventar du på meg  
Mens tidene mognast og vekslar, så høyrer eg til hos deg.  
Du møter meg Herre i dåpen, er nær i min siste kveld.  
Du er mi trøyst og min tillit, Gud du vil allting vel.*

Heidi Strand Harboe

Heidi Strand Harboe

Fredag 6. november  
kl. 19.00  
**Misjon i Israel i dag**  
**Bryne kyrkje**

#### **Kvifor Misjon i Israel?**

*Stein Ødegård* fortel om misjonsprosjektet, Immanuelkyrkja og Return-2Sender. *Arne Berge* fortel om Den Norske Israelsmisjon. Journalist *Asgeir Ueland* fortel om "Religion i Israel" Ungdomane *Ester Alemayehu Hatle*, *Ragnhild Espevik* og *Hanna Hetland* syng og viser bilete frå kyrkjelydsturen Israelskinspirert mat, Offer til misjonsprosjektet. Alle er velkomne!  
*Bryne sokneråd, Misjonsutvalet*

#### **9:13 Program for resten av hausten 2009:**

Torsdag 5. november  
Torsdag 19. november  
Torsdag 3. desember

kl 17.30-19.30 i Bryne kyrkje.

Me møtest til andakt og ulike aktivitetar som idrett, friluftsliv, matlaging, hobbyarbeid, spel, diablo, song og musikk.

#### **MØTEKALENDER** **Fotland bedehus** **hausten 2009**

##### **November**

Ons. 4.-Søn. 8. Møteveke NLM  
Man. 16. Bønnemøte  
Fre. 20. - Søn. 22.

##### **Møte Indremisjonen**

Tys. 24. Forening NMS (misjonsfest)  
Søn. 29. Møte NLM  
Man. 30. Bønnemøte

##### **Desember**

Fre. 11. Julemessa NLM  
Lør. 12. «  
Man. 14. Bønnemøte



Laurdag 21. november  
**Undretur for 2-åringar:**

**Laurdag 21. november** inviterer vi born fødd i 2007 til å kome til kyrkja si i lag med ein vaksen. Undretur er ein spennande måte å vere i kyrkja på! Vi byrjar med ei samlingstund med musikk, song og leik, før to-åringane får gå på oppdagarferd i kyrkja. Her er det mykje å ta og sjå på. Døypefonten minner om dåpen; julekrybba om tida vi går mot. Altar/ altartavle, preikestol og galleri er stader det er kjekt å sjå nærmare på. På orgelet lagar vi flotte tonar og lydar. Dette vert ei flott stund for både toåringar og vaksne! Med heim får toåringen ein CD: "Hvem har skapt alle blomstene." Her er det mange songar som både foreldre og besteforeldre vil kjenne igjen. Song og musikk er gode metodar både for oppleving og læring.

*Barn frå Time og Bryne sokn fødd i 2007 og som står i medlemsregisteret til kyrkja, får invitasjon i posten i november.* Ta kontakt om de ønskjer å vere med, men ikkje får invitasjon. Påmelding til kyrkjekontoret.

Sundag 29. november  
kl. 16.00

#### **Julespel i Aulaen på Lye skule**

Ei glede for heile folket!

*Arr: Lye Barnegospel, Juniorkoret, Søndagsskulen, Trusopplæringa*

kl. 17.00

#### **Tenning av julegran i Lyeparken**

*Arr: Vellaget*

Sundag 15. november  
og 6. desember kl.18  
**Sundagstreff i**  
**Bryne Kyrkje**

*Diakonen i Time*

Laurdag 28. november  
**JULEMESSE**  
**I Bryne kyrkje**

##### **Salsmesse kl 11.00**

Andakt ved Unni Sirevåg Lende.  
Vi sel: Heimebakst, handarbeid, dekorasjoner og liknande  
Kafé med grøt, lapskaus og kaker.  
Åresal


##### **Fest kl 18.00**

Sang av Jærklang.  
Kulturskuleelvar deltek  
Sang med barna.  
Festtale ved Ole Gunnar Sænbø og mykje meir...  
Hovudtrekning, barnetrekning og åresal  
Matsservering

Vi tek imot salsvarer og gevinstar til lotteriet med stor takk.

Inntekta går til Barne- og ungdomsarbeidet i kyrkja og misjonsprosjektet i Den Norske Israelsmisjon.

*Bryne sokneråd*



Laurdag 5. desember

**JULEMESSE**

**I Undheim kapell**

**Kl. 11.00:** Opning.

Andakt ved Sigmund Edland.

Song av Shalom.

**kl. 13.30:** Familiemøte med åresal og hovudtrekning.

Andakt ved Helga Johannessen.

Song av Miniklang frå Undheim.

NB! I år har me ei fin rose-malt kiste til utlodding.

Det vert også i år loppemarked, sal av handarbeid, småkaker, lefser, grav- og dørpynt m. m. Er takksame for lopper. Me tek og imot "brukte" stearinlys til gjenvinning. I kapellkjellaren sel me risgraut, kaker og kaffi. Vel møtt til julemesse!

*NMS foreningane i Time*

11.-12. desember

**JULEMESSE**

**Fotland bedehus**

Talarar: Espen Ottesen og Lars Skjæveland

Sangkrefter

Utlodning, varesalg og matsalg

Sjå nærare kunngjering i Jærbladet i begynnelsen av desember.

Velkomen til alle!

*NLM*



Sundag 15. november  
kl. 11.00

**JUBILEUMS-  
GUDSTENESTE**

Jubiléumssalme.

Tekst: Heidi Strand Harboe.

Melodi : Johanne Ur Sæbø

Eige jubiléumskor

Rita Fotland, trekkspel og song

Signe Iren Time , song

Ingeborg Aarsland, song

Christian Nome, song

Gruppe frå tidlegare Bryne damekor

Gruppe frå IMF brass Bryne

Biskop Erling Pettersen

Representantar frå arbeidslag i kyrkjelyden.

Tilsette i kyrkjelyden.

Etter gudstenesta vert det

kyrkjekaffi i Bryne kyrkje.

Her vert høve til å koma med helsingar og takk.

Sundag 13. desember  
kl.11.00

**ADVENTSMESSE  
"FEST I GUDS HUS"**

Tekst: Eivind Skeie

Musikk: Geir Knutson

Prest: Stein Ødegaard

Organistar: Per Olav Egeland

og Oddny Underhaug

Barnekor : Elevar frå Vestly skule

Vaksenkor: Jærklang

**Musikarar:** Åse H Hetland, Trompet

Ragnhild Kvitvær, Trompet

Marita Stangeland, Trombone

**Songsolistar:** Hilde Selvikvåg, Ingeborg Aarsland

**Døyparen Johannes:**

Lars Tore Helgeland

**Dans:** Sunniva Grande

**Regi:** Anne Grete Hognestad

**Saman feirar me kyrkja vår**

# Heime igjen! Time kyrkje

Endeleg heime igjen. Time kyrkje har no vore stengd i fem månader. Kva har skjedd? Når du først kjem inn i kyrkja, merkar du kan henda ingenting. Her er alt som før, seier du. I så fall har arbeida vore vellukka. Det har heile tida vore eit mål at Time kyrkje skal vera den same gamle. Den som kjem, skal kjenna det som å koma heim.

Ser du nærmare etter, oppdagar du, alt før du kjem inn, at her har noko skjedd. Trappa har vorte større. Dei som brukar rullestol eller støttar seg til ein rullator, kjem no fram til hovuddøra og inn der.

Midt i kyrkja og framme er det lagt til rette for rullestol, og alle kjem seg lett fram til altaret. Kyrkja har fått nytt høgtalaranlegg med teleslynge. Snart blir det betre for alle som har sakna meir lys i kyrkja. Nye krav til lyspærer og dermed til armaturar har gitt oss ei lita utsetjing på dette, men det kjem snart. Gamle, vakre lampar har kome opp att. Koret er noko utvida ved at korskrankene er senka og flytta bakover. Golv er slipa, og nye teppe, nytt altarteppje og nytt knefall er kome på plass.


Me er glade for at Time kyrkje har blitt opna opp for mange som før hadde vondt for å koma inn, vondt for å finna plass, vondt for sjå og høyra. Velkomen heim!

*Gunnar Frøyland*



## På kyrkjeveg - Time kyrkje 1859-2009 Jubileumsboka - ei gåve til glede

7. november kjem jubileumsboka til Time kyrkje. Boka har fått tittelen: "På kyrkjeveg." Det er ei vakker bok. Fotografen på Bryne, Trond Ueland, har tatt mange nye bilete. Frå gamal tid har teikningar og fotografi kome med. Kanskje kjenner du deg sjølv att på eit bilete. Kanskje ser du ein bestefar eller ei gamal tante. Kanskje ser du att eit motiv som hentar fram dine egne minne.



**Lisabet Risa** har skriva kyrkja si historie. Du får vita det meste som er å vita både om kyrkjehuset og inventaret. Mykje spennande lokalhistorie og kulturhistorie er knytt til kyrkja. Ikkje få Timebuar har namnet sitt knytt til kyrkja si historie. Boka er viktig for den

som vil kjenna Time kommune. Seks lokale personar har skriva om sitt forhold til kyrkja. Du får møta kyrkja og kva ho har å seia gjennom augo til menneske i ulike alder. Kven dei er? Det får du vita når du opnar boka.

"På kyrkjeveg" er ei bok du vil gleder

deg over. "På kyrkjeveg" er ei bok du vil gleder andre med. Du kan kjøpa den hos bokhandlarane Orre Libris, Koinonia og Bok og Media eller på Time kyrkjekontor. Boka kostar kr. 300,-.

*Gunnar Frøyland*



### Brudestolane

Brudestolane er restaurerte. Det var Søren Nedrebø som laga stolane og gyllenlêret i 1948. Dotter hans, Liv Søyland, har no laga nytt gyllenlêr, og son hans, Sjur Nedrebø, har restaurert treverket.

# Nye messehaklar & nytrekte brudestolar



Lys messehakel,  
front

Lys messehakel,  
bak

Lilla messehakel,  
front

Lilla messehakel,  
bak



Symbol front



Symbol bak



Symbol front



Symbol bak

### Nye messehaklar

Til jubileet har Time kyrkje fått to nye messehaklar. Det er tekstilkunstnar Bjørg Marit Bjørnevik som har stått for utforminga, medan Else Marie Rommetveit har brodert og montert. Den kvite messehakelen har "Korset og krona" brodert på framsida. Det minnar om Jesu siger over døden. Bak er det brodert ei palmegrein som symbol på siger. For å minna oss om Jesu lidning har den lilla messehakelen ei tornekrona på framsida. Den greske bokstaven ypsilon, eller gaffelkorset, minnar om treeinga.

## Nokre bilete frå kyrkjelydsturen i Israel oktober 2009



I synangogen i Kapernaum



Det var ein fantastisk akustikk då me song "Mitt hjarte alltid vankar" i fødselsgrotta i Betlehem



Ørkentur på kamelryggen



Caspari Center  
Leiar:  
Knut Helge  
Høyland

Casparis visjon er å trene og utrusta truande og leiarar i messianske kyrkjelydar i Israel



Gravhagen i Jerusalem

## Gjevarteneste

Barne- og ungdomsarbeid i Bryne,  
kto.nr. 3325.25.07057.

"Vi gjev" - diakonalt arbeid i Time  
kto.nr. 3325.21.30859.

Kyrkjelydsarbeidet / Gjevarteneste  
ungdomsarbeidar, Undheim  
kto.nr. 3325.21.55657.

Undheim kapell - gåver  
kto.nr. 3325 25 08959

Frøyland-Orstad kyrkjelyd,  
kto.nr. 3290.60.44179

Kyrkjebygg Frøyland-Orstad  
kto.nr.3325.25.09270

Ungdomsarbeidar på Lye  
kto.nr. 3325.25.04260

Stikk innom vår heimeside  
<http://www.time-kyrkja.no>

Nærradioen  
med godt nytt

**JÆREN  
MISJONS  
RADIO**

Trygghemsveien 13, 4365 Nærbø, Tlf.: 51 43 32 22

**Sender på**  
FM 103.5 - 106.3 - 106.6 - 107.9

**Sendetider**  
*Mandag:* 08.30 - 09.00/17.30 - 18.00  
*Tirsdag:* 08.30 - 09.00  
*Onsdag:* 08.30 - 09.00/17.30 - 18.00  
19.30 - 21.00  
*Torsdag:* 08.30 - 09.00/21.00 - 21.45  
*Freitag:* 08.30 - 09.00/21.00 - 21.45

Korleis har du det...  
**EIGENTLEG?**

Krisetelefon 815 33 300  
SOS-Melding: [www.kirkens-sos.no](http://www.kirkens-sos.no)


 **Kirkens SOS**  
EIT MENNESKE Å SNAKKE MED  
NÅR LIVET ER SOM VERST

# Her er

Gutelaget på Fotland bedehus samlar gitar frå 2. til 6. klasse. Dei kjem frå Hognestad og Vestly, og møtest annakvar måndag. Den kvelden "Helgedagen" fekk møta dei, var det 17 ivrige gitar i full sving. Uteområdet ved bedehuset gjev høve til fysisk utfolding og, så på denne fine haustkvelden fekk dei ta ut litt energi ute før samlinga i møtesalen. Det var tydeleg at dei satsa på å få kvelden med seg, for somme kom i fotballutstyr - direkte frå trening.

Etter samling og muntert opprop i møtesalen, var det ein utruleg still flokk som fekk med seg andakten om enkja i Nain. Så bar det ned i kjellaren, der spenninga var stor om halvfabrikata frå Kvinesdal hadde komme. Stor glede då dei fekk det dei hadde bestilt og kunne komma i gang med arbeidet! Sigbjørn Fosse, Tor Bjarte Grødem og Arnt Mikal Bø er med som vaksenleiarar, og jammen trongst det med alle dei hender dei hadde! Innsatsviljen var stor, sjølv om pussing kanskje ikkje er det mest spennande.

# det gutane som rår!



*Ingenting å seia på innsatsen*

Dei har ikkje basar lenger, men gutane får kjøpa tinga med seg heim. Kanskje det er flotte julegåver i vente herifrå? Leiarane fortel at laget har halde på sidan tidleg på 1980-talet.


Dei er imponerte over at gutane kjem igjen og igjen, for, som ein av dei seier, "det skjer ikkje alltid så mykje". Utsendingen frå "Helgedagen" kjenner i alle fall på den rikdommen det er med alle som står på og gjev av tida si i bygda vår! LHH



*Må eg pussa meir?*



*Montering på gang!*



*Her skal fuglane få mat!*



*Ein flott gjeng på Fotland!*



## Ei festreise

Frå 1. – 12. oktober 2009 var ei gruppe frå **Bryne kyrkjelyd på tur til Israel.**

Reiseleiara var Inger Bakke Berge og Arne Berge. Saman med den israelske guiden gav dei oss nokre ugløymelege dagar. For den einkilde turdeltakar vart det mange heilt spesielle opplevingar, og kjend kunnskap fekk nytt innhald. Vi vandra i Jesu fotspor i Galilea og i Jerusalem, og vi fekk oppleve natur og historie. Ei historie som og er ein del av vår eiga historie. Det var ei festreise frå start til vi kom heim att.

Bryne kyrkjelyd har misjonsavtale med Den Norske Israelmisjon om å støtta arbeidet i Immanuelkyrkja i Tel Aviv og det ungdomsretta arbeidet return-2sender. Noko av føremålet med turen var å verta meir kjende med DNI sitt arbeid i Israel og særleg det arbeidet som kyrkjelyden støttar. I Haifa var me på besøk i kyrkjelyden Beit Eliahu (Elias hus) og Ebeneserheimen. Håvard Kleppe, leiar av DNI sitt arbeid i Israel, gav oss ei innhaldsrik orientering saman med leiar for Ebeneserheimen og presten i kyrkjelyde, Beit Eliahu. I Jerusalem var vi på besøk i Caspari Center som er DNI sitt studiesenter. Leiaren for senteret, Knut Helge Høyland, fortalde oss om senteret og

om dei messianske jødane. I Tel Aviv var besøket i Immanuel kyrkja ein viktig del av programmet. Kyrkja vart bygd av tyskarar og vigsla i 1905. Den Norske Israelmisjon tok over kyrkja i 1955. Ved renovering i 1977-78 vart dei vakre glasmåleria av Victor Sparre sette inn. For tida føregår det arbeid med reparering av tårnet. Vi var i kyrkja to gonger. Første gongen var fredag ettermiddag. Organisten i kyrkja møtte oss med vakker orgelmusikk, og den nyttilsette presten, Christian Rasmussen, gav oss ei innhaldsrik orientering om arbeidet i kyrkja med omvisning både i kyrkja og kyrkjelydshuset. Vi fekk også helsa på andre medarbeidarar

På sabbaten, laurdag, deltok vi på den messianske gudstenesta. Denne gudstenesta vart noko heilt spesielt for oss. Vi vil derfor dela opplevingar frå nokre av turdeltakarane:

- I begynnelsen av gudstenesta var barna med og tende lysa i den sjuarma lysestaken. Denne handlinga vart for meg ein sterk bodskap. (Den sjuarma lysestaken vert tend som eit symbol på at Messias er komen).

- For meg var det spesielt å oppleve fellesskapet med menneske frå fleire nasjonar, og denne opplevinga vart forsterka då vi saman song songen "He lives .. Han lever".

- Under orgelmusikken ved nattverdfeiringa høyrde eg brått variasjonar over folketonen til songen "Å at eg kunne min Jesus prise...". Gjennom desse tonane opplevde eg formidling av fellesskap og ønskje om å knyta band mellom menneske.

- For meg vart det ei spesiell oppleving då ein medarbeidar i slutten av gudstenesta bad. Eg kjende det som at bønna vart framført som eit musikkstykke, ein song, og han bad for oss alle.

- Det var ei sterk oppleving av mangfald i kyrkjelyden at så mange i forsamlinga deltok i gudstenesta, og at dei såg ut til å vera så stolte og glade over oppgåvene dei utførde.

I.K. Løge



# Vårt første møte med Israel

Ester Alemayehu Hatle, Ragnhild Espevik og Hanna Hetland

**Allereie i februar hadde me bestemt oss, me skulle til Israel!** Me gjekk og gleda oss til turen i over eit halvt år. Me visste turen kom til å bli uforgløymeleg, men aldri kunne me nokon gong drøymt om at han skulle bli så opplevelsesrik.

I byrjinga av oktober var me endeleg reiseklare. Etter fem timer med fly var me i "Det Hellige Land." Etter bare fire timars søvn sat me klare med drikkeflaske og solhatt i bussen. Turen skulle gå til Cæsarea og gamlebyen Jaffa. Cæsarea er ein nydeleg ruinby frå Herodes si tid. Her fekk me sjå korleis teateret såg ut på den tida. I Jaffa var me på besøk i Immanuelkyrkja som er eitt av Israelsmisjonen sine prosjekt. Neste dag var me på hebraisk gudsteneste der. Det var interessant å sjå kor fleirkulturell kyrkja var.

På veg til Galilea var me innom eldresenteret i Haifa. Der fekk me høyre om arbeidet deira, som også er støtta av Israelsmisjonen. Me budde i Galilea i tre netter. Desse dagane brukte me på å gå i Jesu fotspor. Me syns det var veldig sterkt å vera på plassar der mange av historiene i Bibelen fant stad. På hotellet i Tiberias fekk me slappe av på spa. Det synst me var veldig avslappande etter ein lang dag med gjennom-

snittstemperatur på over 30 grader. Så gjekk turen vidare til Jerusalem, men også denne gongen stoppa me på vegen. Først i Nasaret, der me besøkte eit senter kalla Nazareth Village. Her fekk me omvising og eit betre innblikk i korleis Jesus levde. Me kom oss avgarde igjen, men me var svoltne så me utnytta Abrahams gjestfridom og åt middag hos han. Me blei utkledd i klede som var vanleg i ørkenen på den tida. Seinare i veka fekk me også ri på kamelane hans.

Vel framme i Jerusalem hoppa me til sengs på hotell Shalom. Me hadde travle dagar i vente med turar til blant anna Betlehem, Masada og Dødehavet.

Det var ein fantastisk akustikk då me song "Mitt hjarte alltid vankar" i fødselskyrkja i Betlehem. Ein dag gjekk me heilt i frå Oljeberget til Golgata, det var spennande. Me syns Jerusalem var ein kjempeflott by med masse folk. Samtidig var ikkje byen som me hadde forventa, fordi han var moderne og gammal på same tid. Nest siste kvelden var me på eit spektakulært lys-show. Det kan ikkje samanliknast med noko anna me har sett.

Den siste dagen brukte me på å handla i hovudstaden. Dei vaksne tulla med

å seie at seljarane kom til å sakna oss, fordi me gav dei eit økonomisk løft.

Den siste natta blei ikkje særleg lang. Me måtte stå opp halv fire om natta for å rekke flyet heim til kalde Noreg. Israel sette sine spor i hjarta våre, og me hadde absolutt ikkje lyst å reise heim. Me skal tilbake!

Det var ein heilt super tur som me var så heldige å få av foreldra/besteforelda våre. Det var heilt utruleg kor tolmodige, snille og inkluderande dei andre på turen var med oss.

*Ester Alemayehu Hatle (15), Ragnhild Espevik (15) og Hanna Hetland(15)*



Dødehavet



Hus for norske forhold



**SAGAbO**  
HUS FOR NORSKE FORHOLD

Jernbanegaten 9, 4340 Bryne  
tlf. 51 77 19 60 www.sagabo.no

TIME  SPAREBANK  
-for Jæren

WACO

Forsikringsmegling as



**M44**

Besteforeldres drøm –  
Når vi skal skjemme bort  
prinsere & prinsesser



Torggt. 2, 4340 Bryne  
Tlf: 51 77 76 00  
Telefaks: 51 48 51 03



**Hareland  
Solskjerming AS**

Bjørkeveien 6 4340 Bryne. Tlf. 473 59 935  
E-post: per.hareland@lyse.net

Innvendige persienner  
Utvendige persienner  
Lamellgardin  
Rullegardin  
Plisségardin  
Screenduk  
Markiser  
Terrassemarkiser  
**Gratis måltaking!**

VI ORDNER ALT I SPEIL, GLASS OG BILGLASS

**ek** Glassmesterforretning  
Einar Knutsen as

Postboks 149, 4349 Bryne

TLF. 51 48 02 11.

DØGNSERVICE 971 78 180



**EL-TEAM**  
Elektroentreprenør



Håland, 4340 Bryne tlf. 4000 7889



I. Bjørnsen A/S  
Jærv. 250, 4340 Bryne - 51 78 50 20



Alt i bøker, musikk, rekvisita,  
kort og hobby i Storgata



**Serigstad Bygg**



Vi har alt innen trykksaker

**952 99 844:**

JÆRPRINT  
TRYKKERI & DESIGN



VARDHEIVEGEN 60, BRYNE - trykkeri@jprint.no

EiendomsMegler  
JÆRMEGLEREN



# NMS Gjenbruk Bryne

opna ny butikk i Hognestadvegen 3 i oktober!



**Opningstider:**

mandag/fredag kl. 11 - 18  
lørdag kl. 11 - 14.

*Velkommen til å levera varer og kjøpa!*

**Tlf. 951 06 028**



i bjørnenshuset på torget  
bryne ☎51485333


INTERFLORA  
www.studioblomst.no

Bryne  Elektriske

Hognestadveien 88, 4340  
Bryne - Tlf. 51 77 92 00



Tlf. 51 48 15 50, Storgt. 19, Bryne



**Krogedal**  
Begravelsebyrå

Våre medarbeidere på Jæren:  
Holger Kjøvik, Rensar Apeland,  
Brikt Gos og Borgny Å. Skretting

**Døgnvakt**  
Tlf. 51 97 29 00  
www.krogedal.no



**BYGGMESTER**  
**HERSDAL AS**

**Fokus Bank**

**Johansen Elektriske as**  
Postboks 510 - 4349 Bryne  
Tlf: 51 48 01 01



**FRETEX**

Vi gir folk grunn til  
å tro på framtiden

**Koinonia**  
KOINONIA BOK OG MUSIKK

Motehuset Bryne Torg  
Storgata 10-12 - 4340 BRYNE  
Tlf. 51486520

arkitekt MNAL  
**ARC**  
ARKITEKTUR

**Lauritz Aarsland**

Tannlege  
Tlf. 51 48 28 93

Jubileum 1949 - 2009

**60 år i Israel**



Magné Solheim er medlem  
for Israels misjonsalliansen  
**Blakk ben 26**, i forbindelse  
med jubileet av den  
Sjøtt Frelse Hærens 60-års  
nytt og viktig 60-års  
års.

Den Norske Israelmisjon  
Postboks 30027, 0403

www.israelsmisjonen.no

**Vil du gi en gave  
til Normisjon?**



**Kontonr: 1503.02.13537**

Husk å øremerke gaven hvis  
du vil den skal gå til noe  
spesielt.

**www.normisjon.no**



**BLI FADDER!**

www.misjonsalliansen.no

☎ 22 94 26 00 misjonsalliansen 

## Taus tale gjennom 155 år

Ein samtale - Stein Ødegård og Else-Marie Bue

- Du har vandra på mange kyrkjegardar, Else-Marie ?

- Ja, i mange år var kyrkjegardane rundt omkring i bispedømet mine

“venterom”. Eg reiste mykje i lag med mannen min når han besøkte kyrkjelydane, og “venting” vart ein del av mitt program. Då var gravplassen ved kyrkja ein interessant og god plass. Kyrkjegarden er ein fredens plett, ei “historiebok”, ein taus formidlar. Kyrkjegardane er store kulturskattar.

- Nå har du funne noko spesielt på Time kyrkjegard.

- Ja, men det var på ei søndagsgudsteneste nyleg at din grønne stola fekk tankane i sving omkring eit bilete naboen min knipsa for fleire år sidan. Me vandra ein ettermiddag på Time kyrkjegard og fann ei spesiell grav ved nordre kyrkjevegg.

- Her er det kors, anker og ring, men stolaen min har kors, anker og hjarte: tru, håp og kjærleik.

- Ja, og akkurat det gjorde meg usikker. Var symbolet på kyrkjegarden slik? Symbola me ser på prestedrakta forkynner også til oss i kyrkjebenkene.

- Ja, dei forkynner både til meg sjølv og alle dei eg feirar gudsteneste i lag med. Denne stolaen har fargen for vekst: grønt. Kors, anker og hjarte er symbol for trua, håpet og kjærleiken. For meg uttrykkjer dette summen av det livet eg ønskjer å leva og hjelpa andre til å leva. Mange kjenner sikkert symbolet og teksten frå 1. Korintar 13.13: - Så blir dei verande desse tre: tru, von og kjærleik. Og størst av dei er kjærleiken. - I bøna etter nattverden ber me om at Gud må halda oss fast i trua, styrkja oss

i kjærleiken og stadfesta oss i vona om det evige liv.

Men tilbake frå min grønne stola til det symbolet du fann ved Timekyrkja. Det var ikkje eit hjarta der.

- Nei, og det var uvant. Ein tydeleg ring heldt kors og anker saman. I tillegg var det gamalt, 155 år. Har du sett dette symbolet nokon gong?

- Nei, aldri før, men me veit at ringen er symbol på det evige livet. Derfor er det flott å ha på ei grav.

- Taus tale gjennom 155 år ! Etter norske vintrar, vêr, vind og to verdskrigar, minner det oss den dag i dag, anno 2009, om verdiar. Eg fekk spontant svar frå fotografen då eg spurde kva ho såg i dette: Jo, trua forankra i evigheten !

- Ja, trua og håpet er omringa av evigheten alltid. I livet må me mang ein gong kjempa for trua og håpet. Då er det godt å kunna fortelja seg sjølv og andre at me er omslutta av Guds evige kjærleik - uansett alder og livsfase. Det som står på minneplata gjeld heile livet. Trusopplæringa i Time har som visjon å syna ei raus og tydeleg kyrkje, kor barn og unge får hjelp til å leva livet i tru, håp og kjærleik.

- Minnesmerket er fem år eldre enn kyrkja som me feirar nå: Time kyrkje 150 år! Det var sikkert nedlesst av brent treverk ganske tidleg, - restar etter den førre kyrkja. Brannen var natt til 7.oktober 1858. Tenk om gravsteinane kunne tala !

- Men denne gjer akkurat det, sluttar Stein.



PS. Gravplassen me har snakka om ligg ved nordveggen av kyrkja. Det er eit høgt kors og ei like høg gravstøtte. På korset kan me lesa historia om gjesten på Lye prestegard som vart sjuk og døydde i 1854. Han vart gravlagt her og fekk denne fine minneplata. Presten og kona fekk seinare sin gravplass ved sida. Gunnerus heitte presteparet.

# NMS sin Gjenbruksbutikk på Bryne opna



**Onsdag 21.oktober** opna ordførar Arnfinn Vigrestad, gjenbruksbutikken på Bryne. I si helsing heldt han fram at dette er godt miljøarbeid. I denne butikken skal brukbare ting bytta eigarar i staden for å verta kasta. Inntekta går til hjelp for menneske som ikkje eingong får dekkja sine basale behov. Det minna representanten frå Det norske misjonselskap, områdeleiar Terje Høyland, oss om. Han såg for seg at inntening i denne butikken t.d. kunne gi reint drikkevatt til menneske i Laos.

Jan Rosland ynskte velkomen og baud på kake og kaffi før ein god handel. Mange hadde møtt fram både for å sjå og handla. Kanskje vert dette ein god stad å treffast, rett ved torget.

emb

*Ordføraren, Astrid og Jan Rosland ved kaka.*



*Kø utanfor butikken før opning*



*Dei første kundane strøymer inn.  
Ordføraren står klar til å opna.*



*Kø ved kassen*

# Pangstart for 9:13



Den 10. september gjekk startskottet for 4. 5. 6. og 7. klassingane på Bryne. Etter fleire år med sagn for aldersgruppa 9-13 år, starta endeleg 9:13 opp. Denne torsdagen møtte 38 forventningsfulle barn opp til aktivitetar og bibeldig. Og stemninga var på topp, både blant barn og leiarar.

På programmet stod idrett og friluftsliv, baking, dans, makramé og sang/musikk. Mykje latter, stor innsats og fornøgte barn og vaksne. Etter felles israelsk sang og bibeldig ved prest Leif Oscar, smaka det herleg med nysteikte skulebollar.



## MANGE FRIVILLIGE UNGDOMAR OG FORELDRE

Det var ikkje bare barna som hadde det kjekt denne første kvelden. Også dei frivillige kosa seg. Det er utruleg gildt at mange er med, både foreldre og ungdomar, slik at 9:13 vert eit godt tilbud for barna. Og, at det trengs frivillige er det ikkje tvil om – for andre gongen møtte det ikkje mindre enn 58 barn! Når mange er med og dreg



vert lasset både mindre og meir overkomeleg. Folk er veldig positive, men det er ennå behov for fleire leiarar.

## MANGE ULIKE AKTIVITETAR

På den første samlinga stod det andakt, aktivitetar og kafé på plakaten. Dette vil vera hovudingrediensane i 9:13 framover. Etter felles oppstart vert det ulike aktivitetar i forskjellige grupper, før alle samlast til bibeldig (andakt) og kafé etterpå. Gruppeaktivitetane vil variera: alt frå idrett, friluftsliv, matlaging, til gipsmasker, trommespeling, diabolo, papirbretting og mykje meir. Det er viktig at barna har det kjekt og trivst når dei er på 9:13 i kyrkja.

## BIBELDIGG VIKTIG

Andakten har fått namnet bibeldig, og er ein viktig del av programmet på 9:13. Dig kjem av det engelske ordet to dig – å grava, altså me grev i Bibelen. Barna skal ikkje bare ha det kjekt med aktivitetar, dei skal også få opplæring i den kristne trua. Å få møta den levande Jesus i livnær forkynning er heilt sentralt.

*Ingfrid Time Nærland*



## Valde inn i Time sokneråd 2009-2011

### Medlemmer



Arne Heggheim



Amund Undheim



Hermund Lende

Irene Time  
GrødemSolveig Hodne  
HetlandMarit Hallaråker  
Fotland

### Varamedlemmer



Torleif Vestly

Målfrid Kalberg  
DigernesMiriam Risa  
LendeKarin Lima  
FriestadAslaug Tveit  
Berge

## Valde inn i Bryne sokneråd 2009-2011

### Medlemmer



Solveig Martinsen



Magnor E. Oma



Rolf Heskestad



Synnøve Hatle



Brit Frøyland

Tor Magnus  
SivertsenLiv Ingunn  
Serigstad

### Varamedlemmer

Dei som vart innvalde for perioden 2008-2011 er

Ruth Stabel Berg, Annlaug Else Ferking, Livar Stangeland og Gabriel Tengsareid

## Valde inn i Undheim sokneråd 2009-2011

Kåre Sigurd  
Undheim

Ivar Risa



Elisabeth Fosse



Nina Fosse

Rita Gudme-  
stad UndheimJartrud  
Gudmestad  
Undheim

### Varamedlemmer

Gerd Solveig  
V. Aarestad

Kari Skare  
Skiveland

Torvald Tjøland

Nils G. Reiten

# 50-års

## konfirmantar i Time



Desse blei konfirmerte i Time kyrkje og Undheim kapell i 1959 og har feira 50-årsjubileum søndag 4 oktober i Undheim kapell og Undheim samfunnshus.

**Rekke 1 frå venstre:** Astrid Undheim, Åsta Lye, Liv Tafjord, Rannveig Hognestad Opstad, Johanna Margrete Haugland Samuelsen, Oddfrid Fjermestad Ravndal, Turid Ødegård Obrestad, Turid Haugland Barvik, Inger Marie Sikveland Wefring, Reidun Mellemstrand Lunde, Marit Olsen Andersen, Karen Marie Sikveland Årdal, Else Marie Rommetveit, Siv Aasland, Kari Aga Jåsund, Kari Time Fuglestad, Magnhild Hetland Rød, Astrid Øye Undheim

**Rekke 2:** Kjell Korneliussen, Bjørg Marit Auestad Bjørnevik, Olena Grødem Fjermestad, Brit Solveig Serigstad Thu, Oddbjørg Tegle Larsen, Elly Halvorsen Rasmussen, Aud Undheim Gjerde, Kirsten Aarrestad Åmot, Ellen Friestad Kremer, Margunn Pollestad Wara, Berit Taksdal Haugland, Bjørg Undheim Halvorsen, Elin Årrestad Frøyland, Ingunn Hinnaland Nesse,

**Rekke 3:** Prest Gunnar Frøyland, Reidar Time, Peder Haugland, Harald Egeland, Målfrid Sølvsberg, Ragnar Norheim, Åse Rosseland Erga, Marta Fjogstad Røise, Tor Sikveland, Turid Hognestad Gronlie, Tove Reidun Høyland Obrestad, Jon Sveta, Maria Taksdal Vigre, Arna Høyland Aune, Jan Risa, Åse Sikveland, Geir Undheim, Magnar Undheim, Rekke 4: Eldor Haugland, Helge Herikstad, Sven Svalestad, Tor Aase, Jonas Fjemestad, Tore Kverneland, Steinar Undheim, Jonas Frøyland, Magnor Bekkeheien, Arne Otto, Otto Helland, Oddbjørn Høyland, Olav Martinsen, Terje Rimestad, Kjell Arvid Bjørheim.

(Foto S. Sandvik)

## DØYPTE



### BRYNE KYRKJE

Casper Brekken, Noah Bjunes Johansen, Ingrid Bransvik Rønning, Tiril Fuglestad, Lisa Thu, Hanne Aarrestad Nesse, Johannes Hetland, David Forbech Mellemstrand, Ludvig Haug Molberg, Håkon Bjørklund Hommel, Kristoffer Holen, Lotta Emilie Laland, Simen Mehus, William Rosland

### LYE FORSMALINGSHUS

Jostein Vetthus, Marie Hanssen, Astrid Sivertsen Lothe

### UNDHEIM KAPELL

Nolan Martin Winkle, Erle Bakke Gravdal, Amalie Pedersen Fossfjell, Thea Cedervall Sikveland, Theor Helland, Tom Daniel Haugland, Evander Harald Undheim, Berta Priscilla Bjelland

### TIME KYRKJE

Lars Håkon Tengesdal Oftedal, ved Fotlandsfossen

### UNDHEIM KAPELL

Elvira Tofteberg, Helene Pflugger Hund-eide, Emma Hersdal, Emily Haugland, Ådne Sundvor Myklebostad, Selina Dahl Sandvik, Kevin Lende

### BORN FRÅ TIME DØYPT

#### ANDRE STADER

Kasper Aadnøy, Ørsta kyrkje. Henrik Hamre Larsen, Julebygda kapell.

## VIGDE



Renate Hodne og Sverre Heskestad, Kariann Horpestad og Endre Lindheim, Lena Undheim og Sten Haarr, Ingrid Aamodt og Roger Os, Silje Gjerde og Tomas Andre Meyer Klausen, Linda Serigstad og Kjell Hølland

## DØDE



Paula Søreide, Ingebret Kverneland, Aslaug J. Ree, Aud Marianne Høyland, Solveig Dorothea Togstad, Kari Stenberg, Eldrid Salte, Henrik Skåra, Markus Haaland, Anne Margrete Erland, Signhild Herigstad, Wigdis Nancy Ellingsen, Randi Moi Strand, Tora Stangeland, Einar Rosland

## Normisjonen

har eit utruleg spennande prosjekt i jungelen i Bangladesh.



Sjå: <http://www.normisjon.no>

## Vegen tilbake til Gud

*"For så elska Gud verda at han gav Sonen sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv!". Joh. 3,16*

**Bøn:** Jesus, du veit om mine feil og nederlag. Eg trur at du er Guds son som døydde på krossen. Slik vart ditt blod gjeve for syndene mine. Kom inn i hjarta mitt og livet mitt og gjer meg til eit Guds barn. Eg tek imot deg akkurat nå som min Herre og Frelsar. Eg tek imot di tilgjeving for syndene mine. I Jesu namn. Amen.


 Velkomen til  
**gudsteneste**

## Skyss til gudstenesta

**BRYNE KYRKJE:**  
Sverre M. Lima  
51 48 21 33

Jonas Frøyland  
41 30 04 68

før kl. 10.00.

**TIME KYRKJE:**  
Helga Garborg  
51 48 71 61

Dorteia Haugland  
51 48 70 04

før kl. 09.30.

### Sundag 8. november

*23. søndag e. pinse*

Bryne kyrkje

Lye forsamlingshus

Undheim kyrkje

kl. 11:00

kl. 10:30

kl. 10:30

### Sundag 15. november

*24. søndag e. pinse*

Time kyrkje

Bryne kyrkje

kl. 11:00

kl. 18:00

### Laurdag 21. november

Time kyrkje

kl. 17:00

### Sundag 22. november

*Siste søndag i kyrkjeåret*

Bryne kyrkje

Lye forsamlingshus

Undheim kapell

kl. 11:00

kl. 10:30

kl. 10:30

### Sundag 29. november

*1. søndag i advent*

Bryne kyrkje

Time kyrkje

Time vgs

kl. 19:00

kl. 11:00

kl. 11:00

### Sundag 6. desember

*2. søndag i advent*

Bryne kyrkje

Bryne kyrkje

Lye forsamlingshus

Undheim kapell

kl. 11:00

kl. 18:00

kl. 10:30

kl. 10:30

### Brevet til Filipparane 1, 6-11

Familiegudsteneste. Dåp. Bok til 4åringane.

Familiegudsteneste. Dåp. Bok til 4åringane.

Familiegudsteneste. Bok til 4åringane.

### 1. Tim 2. 1-16

Jubileumsgudsteneste

Sundagstreff. Gudsteneste kl. 19:00

Dåpsgudsteneste

### Matt 25, 31- 46

Gudsteneste. Nattverd. Jungelgjeng

Gudsteneste. Nattverd

Ungdomsgudsteneste. Nattverd.

Sundagsskule

### Luk 4, 16 – 22

Lysmesse.

Familiegudsteneste. Dåp. 4-årsbok

Gudsteneste

### Luk 12, 35 – 40

Gudsteneste. Dåp. Jungelgjeng

Sundagssamling. Gudsteneste kl. 19:00

Gudsteneste. Dåp

Gudsteneste. Dåp

## Frå hausttakkegudstenesta i Hognestadhallen 20. september



Hognestad skule deltok med song



Turngruppa på Hognestad deltok

Bygdekvinnelaget pynta